



Folketoget 17.mai 1966.(Foto: Harald Sætre.)

Programmet for nasjonaldagen er no klart. Det er også ferdig trykt og ligg ute for salg på Spar Uskedalen, Lise's Krambu og Gros Blomster frå i dag. Programma er nummererte, og det vert trekt ut gevinstar som er gjevne av næringsdrivande i Uskedalen, og dei 11 vinnarlodda vert annonserte under festprogrammet i Aktivitetshuset.

Programmet vert bygt etter same leist som har vore brukt dei siste åra. Etter at bygda har vakna til salutt av Sigmund Myklebust kl.07.00, vert første programpost gudsteneste ved soknepresten vår, Lina Håland, kl. 11.15. Som vanleg er det kantor Eva Megyesi som spelar orgel, medan Røysterett for alle bidrar med korsong slik dei har gjort i mange år.

Etter gudstenesta vert det minnemarkering ved bautasteinen der 5.klassingane framfører Olaf Agnar Gausvik sitt dikt og legg ned krans, og Uskedal musikklag spelar 17.mai-musikk. Derfrå går folketoget anført av flaggborg og Uskedal skulemusikk til Stemneplassen via Dønhaug. På Stemneplassen vert det minnemarkering med minnetale og blomenedlegging av ungdommen Solveig Haugland før folketoget går vidare til skuleplassen der det vert leikar og salg av mat og forfriskningar før festprogrammet i Aktivitetshuset.

Talen for dagen under festprogrammet vert i år ved Dag Helland. Elles medverkar som vanleg Uskedal

skulemusikk, Røysterett for alle og Uskedal musikklag slik dei plar gjera kvart år. Festdagen vert avslutta med trekking av 11 flotte gevinstar på 17.mai- programma og blomehelsingar før Uskedalssongen vert sunge heilt til slutt. Gevinstane er gjevne av **Smakifrå Oska, Friheim Gardsmat, Lise s Krambu, Byggeriet Uskedalen, Solheim turiststasjon, Auto 88, Kvinnherad Vekst, Spar Uskedalen, Zjakk, Gro`s Blomster og Brødrene Hjønevig**

17.mai-komiteen er svært takksame for at dei næringsdrivande sponsar feiringa av nasjonaldagen på denne måten, og minner alle om at dei må ta med seg dei nummererte programma. Programmet kostar 30,-kroner.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland